Statens vegvesen

Lis Larsen
Ievegen 187
5917 ROSSLAND

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Anne Marta Espelund - 55516432 | 2014/022613-010 | | 29.08.2014 |

# Løyve til å nytte avkøyrsle frå offentleg veg.

Vi syner til vår tilsegn dagsett 20. mai 2014 og til synfaring 27. august 2014.

Med heimel i veglova §§ 40-43 godkjenner vi avkøyrsla frå fv 248 hp 1 ved km 1,914 til eigedomen gnr. 49 bnr. 13 i Meland kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse.
2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkøyrsle til følgjande føremål:
   Tilkomst til ein bustad.
3. Løyvet fell bort dersom avkøyrsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå dags dato.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 60 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må være minimum 60 meter. Eventuelle planter o.l i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I samband med handsaminga av denne saka har Statens vegvesen blitt merksam på at det er ulemper knytt til løysinga med å markere svingradius i avkøyrsla med store steinar. Vi vil derfor gjere merksam på at i samband med ein eventuell søknad om ytterlegare utvida bruk av avkøyrsla her må det påreknast at det vil bli stilt krav om at svingradius skal markerast med kantstein eller betongkant.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalvsik
sjefsingeniør

Anne Marta Espelund

2 vedlegg
Kopi: Meland kommune, postmottak@meland.kommune.no

Illustrasjon 2014/022613-005




=svingradius som skal markerast = frisiktsone

# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

# Krav til svingradius for avkjørsla :




# Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:




**Fv: 248 Hp: 01 Km pel: 1,914 Stad: Ievegen Saksnr: 2014/022613-010**